



# Masfjorden kommune

Teknisk, miljø og landbruk

Kleppconsult As  
Trygve Bores veg 1  
4351 Kleppe

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/309 - 22/10398

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
19.12.2022

## Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon frå kommunens arealplan - Haugsvær kraftverk

Viser til søknad motteke 15.12.22

### Administrativt vedtak. Saknr: 134/2022

**Tiltakshavar:** Haugsvær Kraft AS  
**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon frå planformål

### VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå planformål i reguleringsplan med ID 126620130001 og kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 for etablering av Haugsvær kraftverk på fylgjande vilkår:

1. Tiltaket må ikkje iverksettast før klagefristen er ute.

### Grunngjeving:

Ein viser til konsesjonssøknad om utbygging av Haugsvær kraftverk. Her har planane vore på ei brei offentleg høyring, utan at nokon av høyringsinstansane har fremja motsegn eler uttalt seg negativt til utbygging. Tiltaket vil i svært liten grad påverka interessene i planane for området, då det etter utbygging berre vil vera igjen ein kraftstasjonsbygning nede ved sjøen, der det allereie er etablert fleire bygningar og tiltak langs sjøen. Inntaket til kraftstasjonen vil i stor grad bli skjerma av næringsbygg ved vegen og vil også i svært liten grad påverka interessene i planen.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.1	Tiltak som krev dispensasjon frå planformål i arealplan	1	11.300,-
	Totalt gebyr å betala		11.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

#### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

#### **SAKSUTGREIING:**

##### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan og reguleringsplan for bygging av kraftverk og inntak til dette. Det er tidlegare gjeve konsesjon av NVE for sjøve bygginga av kraftverket. Tiltaket skal difor ikkje byggjesakshandsamst etter plan- og bygningslova, forutan behovet for dispensasjon frå arealformålet i gjeldande planar for området.

##### **Planstatus**

Området for inntaket til kraftverket vil liggja innanfor reguleringsplan for Haugsvær, plan ID 126620130001. Området er regulert til LNF. Området er og vurdert å ha ras- og skredfare, samt flaumfare. I området der stasjonsbygningen blir etablert ligg i område dekket av kommuneplan for Masfjorden 2018-2030. Området er regulert til LNF-føremål. Det er etablert både bustad, naust og andre bygg ned mot sjøen her frå tidlegare.

##### **Landbruksfagleg uttale**

Det er ikkje henta inn landbruksfagleg uttale, då det er berre i anleggstida at dyrka og dyrkbar mark vil verta råka. Ein legg til grunn, slik det er opplyst tidlegare i saka at røyrleidning vert nedgrave og terreng tilbakeført slik det var tidlegare.

##### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn uttale frå anna styresmakt i samband med konsesjonssøknaden, men ikkje i samband med søknad om dispensasjon frå arealformål i plan. Saka går Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune for klagevurdering.

#### **Nabovarsel**

Søknaden om dispensasjon er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3, då søkjar opplyser at ålmenta er varsla gjennom konsesjonssaka.

#### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå planformål i regulerings- og kommuneplan. Det er søkt dispensasjon med grunn i at det er gjeve konsesjon for bygging av Haugsvær kraftverk. Ein slik konsesjon gjev ikkje automatisk løyve til å endra arealbruken, difor må dette omsøkjast.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenseras i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å gje dispensasjon frå arealformål, når det er gjeve konsesjon for utbygging av kraftverk.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at det i dag er etablert fleire bygg i strandsona ved der sjølve kraftstasjonen skal etablerast, slik at eit ikkje etablerer noko nytt i urørt natur. Stasjonsbygningen vil framstå som ei fortetting i strandsona. Inntaket til kraftverket vil liggja i skjul bak næringsbygg som skjermar mot innsyn frå vegen. Sjølv om det i reguleringsplanen er vurdert at området har ras- og skredfare, så legg ein til grunn at ikkje det blir lagt til rette for opphald i evt. bygg som blir etablert ved inntaket. Detaljert skildring av konstruksjonar m.m. framgår av konsesjonssøknaden.

Ingen av styresmaktene eller andre interesser, som tidlegare har uttalt seg i samband med konsesjonshandsaminga, har uttalt seg negativt til utbygging av Haugsvær kraftverk.

Ein kan heller ikkje sjå at løyve til tiltaket vil påverka helse, miljø, tryggleik og tilgjenge i noko særleg grad.

Det er også i energisamanhang behov for å få produsert meir og fornybar kraft, noko som veg positivt i den samla vurderinga.

Etter ei samla og konkret vurdering finn difor kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå arealformål i regulerings- og kommuneplan.

#### **Konklusjon:**

---

Det vert gjeve dispensasjon frå arealformål i kommune- og reguleringsplan for etablering av Haugsvær kraftverk jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Kleppconsult As

Trygve Bores veg 1 4351

Kleppe